



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2912 - 17/23126

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

17.11.2017

## Søknad om jordpåfylling og planering på Gbnr. 22/4 Mjåtveit i Meland kommune

**Tiltak: Påfylling av jord og planering på ca. 6 daa for å oppgradera slåttearealet**

**Gbnr: 22/4**

**Kommune: 1256 Meland**

**Frist for utale: 08.12.2017**

Meland kommune har motteke søknad frå Magnar Askeland på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit, om å få fylla på jordmassar på ein areal på ca. 6 daa synleg på vedlagte kart.

Søker driv med mjølkeproduksjon og det omsøkte arealet ligg nært driftssenter på bruket. Delar av arealet er i dag slåtteareal og ein mindre del er steinuttak. Søker ynskjer å fylla på det eksisterande arealet for å forbetra det samt fylla igjen steinuttaket slik at det vert slåtteareal. Arealet heng saman med ein større areal som er forbetra ved påfylling av massar. Jorda på bruket er i hovudsak mykje myrjord, her vil naturleg jordsvinn forårsaka at jordsmonnet vert tynnare som følgje av naturlege prosessar. Dette gjer slåttemarka tyngre å driva og det kan hindre effektiv drenering av areala. Søker har lagd ein plan for korleis massane skal sikrast mot utgliding, og har ein plan for arrondering og avskjæring av overflatevatn.

Meland kommune ser at tiltaket har stor verdi for søker, då det vil føre til betre og meir slåtteareal nær driftssenter. Det omsøkte areal ligg i LNF-område og området framstår som eit ope, godt skjøtta kulturlandskap.

Meland kommune ynskjer å klarlegge om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden som kan komme i konflikt med tiltaket. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune v/kulturavdelinga for vurdering.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20171116153253

**Kopi til:**

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 5918  
293

FREKHAUG

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune v/  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Meland kommune kulturavdelinga  
v/ Eirik Bouwer Utne

Postboks 7900 5020

BERGEN